

# Oppsummeringsrapport - Vurdering for læring

Undervegsrapport frå kommunar som deltek i den nasjonale satsinga på Vurdering for læring, er klare. Det er særleg to tema som går igjen i rapportane, og det er variasjon og auka medvit.

---

**RAPPORT** | SIST ENDRET: 18.06.2013

**Tittel:**

Variasjon og økt bevissthet : oppsummering av skoleeieres underveisrapporter i pulje 1

**Rapporten:**

[Last ned rapporten \(PDF\)](#)

**Utgiver:**

Utdanningsdirektoratet

**År:**

2011

---

Variasjon dreier seg om kor langt den enkelte skolen har kome i utviklingsarbeidet, og om kva lærarane har praktisert i klasserommet. Det er stor variasjon i korleis kommunane har organisert satsinga lokalt. Satsinga har også ført til auka medvit om læring, og om eigen og andre sin vurderingspraksis.

## Nettverk

Eit gjennomgåande trekk i rapportane er at det er stor entusiasme og stort mangfald på vurderingsfeltet. Dei fleste av kommunane har organisert arbeidet med vurdering for læring i nettverk. Nettverka er sette saman på ulike måtar innafor og på tvers av einingar og nivå. I dei fleste regionane er satsinga organisert i nettverk som allereie eksisterer, og dei fleste av kommunane har gode erfaringar med å jobbe på denne måten. Dialogkonferansar, nettverk med rektorar og ressurspersonar er spesielt positivt.

## Eksempel på endringar i vurderingspraksisen til læreren

- Lærarar og elevar utarbeider og kommuniserer mål og kriterium til andre lærarar, elevar og foreldre.
- Lærarar gir meir faglege, spesifikke i tilbakemeldingar.
- Elevane er meir med i vurderingsarbeidet.
- Ulike vurderingsmetodar skal utforskast i klasserommet.

Både skoleeigarar, ressurspersonar og rektoraar blir tillagde ein avgjerande verdi, særleg som faglege pådrivarar, og for at det blir sett av tid til team- og fellesdrøftingar.

## Utfordringar vidare

Det er ei utfordring å organisere felles samarbeidstid mellom skolane, skape eit felles språk og ei felles forståing for vurdering og å halde det positive trykket og motivasjonen oppe. Dei fleste understrekar behovet for å forlengje deltarperiaden, og meiner at fleire frå kommunen burde vore med på samlingane til Utdanningsdirektoratet.

## Slik er undervegsrapportane laga

Oppsummeringa av undervegsrapportane til kommunane er laga på bakgrunn av fylkesmannsembata si oppsummering av undervegsrapportane frå til saman femti kommunar. Kommunane deltek i pulje 1 i den fireårige nasjonale satsinga på vurdering for læring. Fylka Oppland, Aust-Agder, Rogaland, Sogn og Fjordane, Sør-Trøndelag og Troms er med. Kommunane blei bedne om å rapportere i ein mal som er utarbeidd av Utdanningsdirektoratet, og inneheld følgjande punkt:

- organisering
- mål
- vurderingspraksis
- vurdering for læring
- kompetansebygging
- erfaringsspreiing
- utfordringar og råd til Fylkesmannen og Utdanningsdirektoratet